

# Planrapport 2015

Regional og kommunal planlegging i Hordaland



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE





# Innhald

<b>1. Regional planlegging.....</b>	<b>5</b>
1.1 Regional planstrategi.....	5
1.2 Planar vedtekne i 2015.....	6
1.3 Gjeldande regionale planar.....	7
<b>2. Kommunal planlegging.....</b>	<b>9</b>
2.1 Kommune –og kommunedelplanar.....	9
2.2 Reguleringsplanar.....	14
2.3 Motsegn frå regionale organ.....	20
<b>3. By –og tettstadsutvikling.....</b>	<b>24</b>
<b>4. Rettleiing og kompetanseutvikling.....</b>	<b>26</b>

Nettside: [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Alle bileta i rapporten er frå Hordaland fylkeskommune sin eigen bileddatabase



# Føreord

Regional planrapport skildrar status for regional og kommunal planlegging i Hordaland i 2015, sett i samanheng med tidlegare år. I rapporten er det særleg dei arealretta regionale og kommunale planar som får merksemd.

Planrapporten rettar seg mot alle som er interessert i regional og kommunal planlegging, til dømes politikarar, forvalting, planleggjarar, studentar eller andre som er interesserte i dette feltet.

Tala i rapporten er i hovudsak basert på fylkeskommunens rapportering til KOSTRA, statistikk over innkomne planar på høyring til Hordaland fylkeskommune, politiske saker og innspel frå andre regionale og statlege etatar.

Tala frå 2015 viser at talet på reguléringsplanar på høyring gjekk ned, det same gjorde talet på motsegner. Med kommuneval i 2015 er det venta oppstart og høyringar av nye kommunale planstrategiar i 2016.

Regionalt planforum har vore ein viktig møtestad for kommunar og andre forvaltningsorgan for planar som er under arbeid. I 2015 vart totalt 17 planar drøfta i planforum,

Innan regional planlegging var det i 2015 fokus på arbeidet med ny regional planstrategi, samstundes som fylkeskommunen hadde 2 regionale planar under arbeid.

Å presentere ein rapport som tek føre seg Hordaland fylkeskommune som heilskap er ikkje mogleg utan godt samarbeid med dei andre regionale etatane. Vi takkar for bidrag og innspel frå Fylkesmannen i Hordaland, Statens Vegvesen, Kystverket, Forsvarsbygg, Fiskeridirektoratet, Norges Vassdrags og Energidirektorat (NVE) og Bjørgvin Bispedømme.

Bergen, august 2016

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef, Hordaland fylkeskommune

# 1. Regional planlegging

## 1.1 Regional planstrategi

### Regional planstrategi 2012-2016


Gjennom regional planlegging skal det leggast til rette for ei berekraftig utvikling av Hordaland. Eit viktig ledd i dette arbeidet er regional planstrategi. Planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, og ta stilling til kva spørsmål som bør drøftast vidare gjennom regional planlegging. Regional planstrategi skal utarbeidast for kvar valperiode og blir vedteke av fylkestinget innan eitt år etter konstituering.

### Regional planstrategi 2016-2020

I 2015 vart det igangsett arbeid med ny planstrategi for perioden 2016-2020. Den nye planstrategien skal avløyse den eksisterande planstrategien som gjeld til og med 2016. Fylkesutvalet er styringsgruppe og det er etablert ei samrådsgruppe. Gruppa er samansett av fylkesordførar, opposisjonsleiar og utvalslieiarane, Fylkesmannen i Hordaland, Bergen kommune, byrådsleiar samt representant for kvart av regionråda i Hardanger, Sunnhordland, Nordhordland og Region Vest.

I samband med arbeidet med den nye planstrategien er det utarbeidd rapportar som gjev kunnskapsgrunnlaget for det vidare arbeidet med planstrategien. Ein av rapportane, *Folkehelsa i Hordaland 2015 - ei kunnskapsoversikt* vart ferdig utarbeida i 2015.

Det er planlagt vedtak av regional planstrategi desember 2016.




Bilete 1. Gjeldande Regional planstrategi for Hordaland 2012 – 2016, godkjent i KMD 22.04.2014



Bilete 2. Folkehelsa i Hordaland 2015. Kunnskapsgrunnlag for arbeidet med ny planstrategi

## 1.2 Planar vedtekne i 2015

### Regional plan for vassregion Hordaland 2016- 2021



Bilete 3. Framsidebilete på Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021

Formålet med den regionale vassregionplanen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Hordaland. Planen er heimla i vassforskrifta.

Planen består av tre delar med tiltaksanalysane som vedlegg.

1. Regional plan for vassforvalting
2. Tiltaksprogram
3. Overvakingsprogram

Planen fastset miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Planen skal verne vassførekomstane mot dårligare miljøtilstand, og forbetra og gjenoppretta tilstanden for å oppnå god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand i alle vassførekomstar

Planen som vart vedtatt i 2015 gjeld for 2016-2021 og er den første av i alt tre planrundar fram til og med 2033. Planen skal rullerast kvart 6. år. Planen set miljømål for 1812 vassførekomstar i Hordaland. Nesten halvparten av vassførekomstane i vassregionen hamnar i kategorien i «*risiko for å ikke oppnå miljømåla i 2020 utan tiltak*». For ferskvatn er hovudårsakene sur nedbør og kraftutbygging. For kystvatn er hovudårsakene forureining , miljøgifter og område med kosthaldsråd. For område som alt har svært god eller god økologisk tilstand vert dagens tilstand vidareført som mål for tilstand i 2021.

## 1.3 Gjeldande regionale planar

Regional planlegging ligg til grunn for fylkeskommunal verksemd og skal vere retningsgjevande for kommunal planlegging og statleg verksemd i fylket. Regionale planar kan ha rettsverknad ovanfor kommunane og private dersom det er knytt føresegner til planen.

Plan	Vedtatt	Merknad
Regional plan for Vassregion Hordaland	2015	
Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026	2014	Med juridisk bindande føresegner for lokalisering av handel.
Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025	2014	Felles plan for kultur, idrett, friluftsliv, bibliotek og museum.
Regional plan for Nordfjella 2014-2025	2014	Felles plan for Hordaland, Sogn og Fjordane og Buskerud.
Klimaplan for Hordaland 2014-2030	2014	
Regional plan for folkehelse 2014- 2025	2014	
Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei	2012	Felles plan for Hordaland, Rogaland, Telemark, Vest-Agder og Aust-Agder.
Regional transportplan for Hordaland 2013-2024	2012	Revisjon starta opp.
Regional plan for Hardangervidda	2011	Felles plan for Hordaland, Buskerud og Telemark.
Fylkesdelplan for små vasskraftverk	2009	Retningsliner om naturmangfold endra i Miljøverndepartementet i 2013.
Fylkesdelplan for Sunnhordland	2005	Blir avløyst av regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (på høyring hausten 2015)
Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet	2004	Gjeld for Sveio og Etne i Hordaland. Godkjent av kongen i Statsråd i 2009. Ny plan under arbeid
Fylkesplan for Hordaland	2004	Forlenga inntil vidare til den blir avløyst av nye regionale planar
Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland	2001	
Fylkesdelplan for E39 Stord- Bergen	2000	Statleg plan for strekninga er under arbeid
Hamneplan for Hordaland	1999	Godkjent av kongen i statsråd i 2002

Tabell 1: Gjeldande regionale planar i Hordaland fylkeskommune

## 1.4 Regionale planar under arbeid i 2015

Plan	Planlagt vedtak	Status
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet	2016	Høyring haust 2015
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	2016	Høyring haust 2015
Regional plan for Haugalandet (Hordaland og Rogaland)	2016	Høyring vår 2015
Utviklingsplan for Indre Hordaland		Utfordringsnotat ligg føre
Regional plan for godshamn i Bergensområdet		Utsett i påvente av Jernbaneverkets KVU-arbeid for logistikknutepunkt for Bergensområdet.
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2017	Planprogram på høyring sommar 2015
Regional transportplan 2018-2029	2017	Planprogram på høyring haust 2015

Tabell 2: Regionale planar under arbeid i 2015

### Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Planen var på høyring hausten 2015.

Planen omfattar kommunane Bergen, Os, Samnanger, Vaksdal, Osterøy, Lindås, Radøy, Meland, Askøy, Øygarden, Fjell og Sund. Hovudføremålet med planen er å skape grunnlag for vekst og ein berekraftig og konkurransedyktig region. Samhandling på tvers av administrative grenser, sektorar og forvaltningsnivå skal fremje regional utvikling og attraktivitet. Ei konsentrert senterutvikling skal underbygge eit effektivt og miljøvenleg transportsystem med god framkomme for befolkning og næringsliv. Planen skal også legge til rette for utbygging av naudsnyt sosial infrastruktur.

Planen er inndelt med 5 plantema:


- Senterstruktur og utbyggingsmønster
- Regionalt transportsystem
- Bustadområde
- Næringsareal og arbeidsplassar
- Natur, kulturmiljø og landskap

Innanfor kvart tema er det utarbeidd mål og retningslinjer.

Gjennom planen ynskjer ein å samordne kommunale, regionale og statlege ambisjonar og mål, og finne balansen mellom regional samordning og behovet for lokale tilpassingar.

Der vart gjennomført fire møter i både styringsgruppa og i den administrative koordineringsgruppa våren 2015. I juni vedtok Fylkesutvalet å sende forslag til Regional areal- og transportplan på høyring med frist 1. oktober. Fristen vart seinare forlengd til 1. desember grunna kommune- og fylkestingsvalet.

Bilete 4. Vekstsoner i Bergensområdet.  
Temakart frå arbeidet med regional areal og transportplan for Bergensområdet



## **Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger**

Planen var på høyring høsten 2015. Planområdet er kommunane Austevoll, Fitjar, Stord, Børnlo, Sveio, Etne, Kvinnherad, Tysnes, Fus, Kvam og Jondal samt sjøområda i nordre del av Vindafjord kommune, Rogaland. Føremålet med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og ytre Hardanger. Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.

Planen har 4 plantema:

- Berekraftig kystsoneplanlegging
- Akvakultur
- Sjøtransport og maritim næring
- Strandsona



Bilete 8. Strandsona i Hordaland

## **2. Kommunal planlegging**

Dette kapittelet viser status på kommunal planlegging og handsaming i Hordaland fylkeskommune og andre regionale organ. Statistikken som blir presentert viser i hovudsak berre tal for kommuneplanens arealdel og arealplanar. Store delar av statistikken i delkapittel 2.1 og 2.2 er basert på innkomne planar på høyring til Hordaland fylkeskommune. Statistikken i 2.3 er basert på informasjon frå andre regionale etatar. Ulike informasjonskjelder fører til at det kan være ein feilmargin i overføring av tala til andre etatar, likevel vil hovudbiletet og trendane gje eit rett bilet av plansituasjonen i Hordaland.

### **2.1 Kommune- og kommunedel planar**


#### **Oversikt over kommuneplanar – areal- og samfunnsdel**

Kommune	Vedtak arealdel	Vedtak Samf.del	Planlagt rullering
Askøy	2012	2015	

<b>Austevoll</b>	2013	2013	
<b>Austrheim</b>	2006	2014	Kommuneplanens arealdel er under arbeid. Venta offentleg høyring i 2016
<b>Bergen</b>	2013	2015	Kommuneplanens arealdel er under arbeid. Venta offentleg høyring i 2016
<b>Bømlo</b>	2013	2013	
<b>Eidfjord</b>	2011	2015	
<b>Etne</b>	2003	2006	Kommuneplanens arealdel og samfunnssdel er under arbeid.
<b>Fedje</b>	2013	2013	Kommuneplanens arealdel var på høyring vinter 2015. Planlagt vedtak i 2016
<b>Fitjar</b>	2012		I planstrategien var det planlagt oppstart av samfunnssdelen i 2014/15. Det er ikke registrert høyring av planen i 2015.
<b>Fjell</b>	2015		
<b>Fusa</b>	2015	2011	
<b>Granvin</b>	2015	2005	
<b>Jondal</b>	2012	2015	
<b>Kvam</b>	2006	2003	Planprogram for arealdel og samfunnssdel vart vedtatt i 2013. Samfunnssdelen låg på høyring hausten 2015.
<b>Kvinnherad</b> Mauranger Halsnøy Sandvoll, Åkra, Matre Ølve, Hatlestrand, Varaldsøy Rosendal, Husnes	2005 2008 2012 1989 2003	2000	Kommuneplanens arealdel er under arbeid.
<b>Lindås</b>	2011	2011	
<b>Masfjorden</b>	2012	2012	
<b>Meland</b>	2014	2014	
<b>Modalen</b>	2004	2000	Kommuneplanens arealdel er under arbeid.
<b>Odda</b>	2007	2013	Kommuneplanens arealdel er under arbeid.
<b>Os</b>	2012	2015	Planlagt oppstart av arbeid med arealplan i 2016
<b>Osterøy</b>	2011	2003	Kommuneplanens samfunnssdel er under arbeid.
<b>Radøy</b>	2011	2011	Planprogram for delrevisjon av kommuneplanen låg på høyring i 2014.
<b>Samnanger</b>	2003	2007	Planprogram for rullering av arealdel vedtatt i 2013
<b>Stord</b>	2011	2011	
<b>Sund</b>	2011	2011	Kommuneplanens samfunnssdel er under arbeid.
<b>Sveio</b>	2011	2011	
<b>Tysnes</b>	2012	2002	
<b>Ullensvang</b>	2011	2011	
<b>Ulvik</b>	2003	2010	Kommuneplanens arealdel er under arbeid. Venta offentleg høyring i 2016.
<b>Vaksdal</b>	2007	2005	Planprogram for rullering av samfunnssdel og arealdel vedteke i 2015.
<b>Voss</b>	2015	2015	
<b>Øygarden</b>	2014	2014	

Tabell 3: Kommuneplanar i Hordaland, areal- og samfunnssdel

## Auke i talet planforslag på høyring



Figur 1: Høyring av planprogram og planforslag til kommune(del)planar i 2008-2015. Av dei 15 kommune(del)planane som var på høyring var 14 planar på 1. gongs høyring, ein plan var på 2. gongs høyring.

Kommuneplanen er ein langsiktig og heilskapleg plan som ikkje blir rullert kvart år. Talet på planprogram og planforslag på høyring for kommune(del)planar svingar difor kraftig. Årsaka til det høge talet planprogram på høyring i 2009 er truleg at den nye plan- og bygningslova vart innført.

Frå 2009 til 2012 var det nedgang i talet planprogram på høyring. Dette har truleg samanheng med at det vart jobba med planforslag og kommunal planstrategi. Dette ser vi og igjen på det høge talet planforslag på høyring i 2012.


I 2013 gjekk talet på planprogram opp, med ein ytterlegare auke i 2014. Ut frå tala frå 2015 kan det sjå ut som at det er ein begynnande trend som i perioden 2009-2012 med nedgang i planprogram på høyring og oppgang i planforslag på høyring grunna arbeid med planforslag og kommunale planstrategiar. Seks dei femten kommune(del)planane som låg på høyring i 2015 var samfunnsdelar til kommuneplan.

## Kulturminne er mykje omtalt i fråsegner til Kommune(del)planer

Hordaland fylkeskommune handsama i 2015 totalt 26 saker om kommune(del)planar. Det er like mange som i 2014. Av dei 15 kommunedelplanane som låg til offentleg ettersyn, var 14 på første gongs høyring og blei handsama av Kultur- og ressursutvalet. I tillegg kom ein kommune(del)plan på 2.gongs høyring.

Figur 2 viser kva tema Hordaland fylkeskommune hadde innspel til i kommune(del)planar, både til planprogram og til høyringsforslag på offentleg ettersyn. Figuren viser at kulturminne og kulturmiljø er omtalt i over halvparten av dei 26 sakane. Andre tema som er mykje omtalt er samferdsel, senterstruktur og areal og transport.

Kulturminne og kulturmiljø hadde også dei høgaste tala for innspel i 2014<sup>1</sup> med friluftsliv og samferdsel på andre plass. Tala frå 2015 syner at samferdsel framleis har høge tal for innspel saman med innspel for senterstruktur. Fleire innspel innan tema senterstruktur i 2015 kan ha samanheng med oppfølging av den regionale planen for senterstruktur som vart vedtatt i 2014.




Figur 2: Tema i fråsegner frå fylkeskommunen til kommune(del)planar i 2015

<sup>1</sup> Regional planrapport 2014

## Ingen motsegner til kommune(del)planar

Utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune kan fremje motsegn til arealplanar som strir vesentleg med mål i regionale planar eller sektorinteresser som fylkeskommunen har ansvar for å forvalte. Figur 3 viser at det ikkje vart fremja motsegn til nokon kommune(del)planar i 2015.




Figur 3: Kommune(del)planar med og utan motsegn frå Hordaland fylkeskommune 2010-2015


## 2.2 Reguleringsplanar

### Nedgang i talet på reguleringsplanar

Det har vore ein jamn nedgang i talet reguleringsplaner på høyring sidan 2008. I 2009 var det eit toppår for høyring av reguleringsplanforslag. For 2015 syner tala at det er nedgang i både oppstartar og høyringar i forhold til tidlegare år. For 2015 vart det registrert 12 fleire oppstartsmeldingar enn planar på høyring. Figur 5 viser fordelinga av områdereguleringsplanar og detaljreguleringsplanar på høyring i 2015. For både detaljplanar og områdeplanar var det litt fleire høyringar enn oppstartsmeldingar.




Figur 4: Reguleringsplanar på høyring i Hordaland 2008-2015



Figur 5: Fordelinga av detaljreguleringsplanar og områdeplanar under oppstart og høyring

## Flest reguleringsplanar i Bergen

Figur 6 viser reguleringsplanar på høyring fordelt på kommunar i 2015, medan tabell 5 viser korleis utviklinga har vore sidan 2008. Bergen, Fjell og Askøy kommune sendte flest reguleringsplanar på høyring i 2015. Desse kommunane sendte også flest reguleringsplanar på høyrig i 2014. Dette er kommunar med høge innbyggjartal og høg vekst.



Figur 6. Arealplanar på høyring i 2015,

## Størst auke i talet reguleringsplanar i Sund og Stord

Over halvparten av kommunane hadde ein oppgang i tal på reguleringssaker på høyring i 2014. I 2015 har trenden vore motsett, med ein nedgang i talet reguleringsplaner i over halvparten av kommunane. Av dei større kommunane er det særleg Sund og Stord som merkte seg ut med prosentvis høg auke i talet reguleringsplaner, medan Kvinnherad har ein prosentvis stor nedgang.

Kommune	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Askøy	38	30	29	33	36	40	32	43
Austevoll	28	29	33	17	13	22	33	21
Austrheim	11	2	4	7	3	9	8	2
Bergen	114	125	115	110	90	176	89	97
Bømlo	49	36	23	10	24	28	29	19
Eidfjord	10	12	9	4	3	8	8	6
Etne	6	18	7	8	5	12	17	12
Fedje	3	7	1	1	0	1	0	1
Fitjar	13	8	5	2	3	17	6	6
Fjell	36	63	30	38	37	52	42	40
Fusa	19	17	7	7	8	5	6	3
Granvin	2	5	7	5	8	6	6	4
Jondal	0	3	1	1	1	8	8	3
Kvam	18	29	22	17	22	23	27	19
Kvinnherad	24	35	45	24	18	16	29	17
Lindås	24	22	23	26	19	15	20	28


Masfjorden	9	8	6	6	5	5	6	6
Meland	10	7	4	17	8	8	9	3
Modalen	0	1	1	0	1	0	1	2
Odda	11	10	6	3	7	2	5	4
Os	40	34	19	23	17	26	44	36
Osterøy	19	12	4	7	7	7	10	5
Radøy	10	5	8	6	6	10	11	11
Samnanger	1	1	1	4	9	3	3	3
Stord	37	24	11	19	22	22	14	22
Sund	14	10	12	11	15	12	6	11
Sveio	13	12	18	9	17	5	9	3
Tysnes	10	9	4	3	2	8	9	2
Ullensvang	2	8	2	0	6	2	4	5
Ulvik	4	6	7	3	0	2	1	2
Vaksdal	5	5	2	6	3	3	2	2
Voss	37	40	27	25	29	26	18	17
Øygarden	16	18	13	13	5	10	9	7

Tabell 4: Oversikt over tal på arealplanar på høyring frå kvar kommune frå 2008 til 2015. Tala dekkjer både kommune(del)planar, reguleringsplanar og alle planfasar

## Færre motsegner til reguleringsplanar

Hordaland fylkeskommune gjev fråsegn til oppstartmeldingar og reguleringsforslag på høyring. I 2015 hadde fylkeskommunen 240 planar på høyring. Blant planane på høyring hadde Hordaland fylkeskommune ingen merknader til 25% av planane, sjå figur 8. 44% av sakene hadde fylkeskommunen merknader til. Det vil seie innspel til korleis planen kan ta omsyn til regionale interesser. Motsegn blei varsila i 5% av sakene.

Fylkeskommunen fremja motsegn til 1% av innsendte planar. I perioden 2011-2015 har det vore nedgang i prosenttalet reguleringsplanar med motsegn, medan det har vore en auke i prosenttalet reguleringsplanar der det er varsila motsegn.




Figur 7: Konklusjonar i fråsegnar frå Hordaland fylkeskommune til reguleringsplanar, både detaljreguleringsplanar og områdeplanar.

## Samferdsel vert ofte kommentert i områdeplaner

Tema som Hordaland fylkeskommune tek opp i fråsegrer er knytt til forvaltingsansvar eller til mål i regionale planar. For områdeplaner er det samferdsel og kulturminne som vert omtalt flest gonger i fråsegna til Hordaland fylkeskommune. I fråsegn til detaljplaner er det kulturminne og landskap som har prosentvis flest innspel.

Kulturminne har flest innspel både i detalj- og områdeplanar. I tillegg blir tema landskap og friluftsliv ofte omtalt. I kategorien planfagleg ligg mellom anna innspel til prosess, utgriingsbehov, kvalitet på planmaterialet og andre tema knytt til rettleiing.



Figur 8: Tema i fråsegnene til reguleringsplanar frå Hordaland fylkeskommune


## Færre arkeologiske registreringar dei siste to åra

Dersom planområdet har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne må det gjennomførast ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova § 9. Det er føremålstenleg å få området registrert før planen er ferdig utforma og lagt ut til offentleg ettersyn for å kunne ta omsyn til eventuelle konfliktar med automatisk freda kulturminne.

Det er tiltakshavar som må bere kostnadene med ei slik undersøking, jf. kulturminnelova §§ 9 og 10.

Figur 9 viser at talet på arkeologiske registreringar dei siste åra har lege stabilt på rundt 60 med små variasjonar mellom åra. Det er usikkert kva som er grunnen til nedgangen i 2012, 2014 og 2015. Ein mogleg grunn er eit mindre tal reguleringsplanar på høyring desse åra.


For 2015 vert det ikkje gjort arkeologiske registreringar i samband med kommune(del)planar. Det vart gjort 27 arkeologiske registreringar for reguleringsplanar og 17 registreringar i andre saker. Under andre, kjem registreringer i samband med energi og vassdragssaker (3 stk), landbruksaker (5 stk) og andre saker (9 stk).



Figur 9: Tal på arkeologiske registreringar etter kulturminnelova §9 til regulerings- og kommune(del)planar

## Stabile og låge tal for motsegn til reguleringsplan

Hordaland fylkeskommune kan fremje motsegn til reguleringsplanar som i vesentleg grad påverkar fylkeskommunens sektoransvar eller målsettingar i regionale planar. Alle motsegnene skal vedtakast politisk av Kultur- og ressursutvalet.



Figur 10: Forholdet mellom reguleringsplanar med/utan motsegn frå Hordaland fylkeskommune 2010 - 2015


Talet på motsegner til reguleringsplanar er svært lågt. Figur 10 viser at Hordaland fylkeskommune vedtok motsegn til 1 av totalt 224 reguleringsplanar på høyring.

Kommune	Plansak	Grunngjeving
Bergen	Møllendal øst	Kulturminne og senterutvikling

Tabell 5: Resultat av motsegner frå Hordaland fylkeskommune i 2015

## Stabile tal for dispensasjonar

Dispensasjonar er unntak frå regelen om at planar skal være i samsvar med gjeldande planar og føresegner. Hordaland fylkeskommune handsamar søknader om dispensasjon etter kulturminnelova. Tala på dispensasjonar må tolkast varsamt, sidan rapporteringsmetodar og dispensasjonsvurderingar kan variere frå kommune til kommune. Tal frå 2003 til 2015 syner at talet på dispensasjonssøknader svingar. 2010 var eit toppår med 1559 innsendte søknader om dispensasjon. I 2015 vart det sendt inn 1249 søknader om dispensasjon. 30 av desse vart ikkje tilrådd. I 7 dispensasjonssøknader klaga fylkeskommunen på vedtak om dispensasjon. 24 søker var godkjent som dispensasjon etter Kultuminnelova § 15s, 19 og 20.



Figur 11: Tal på dispensasjonssøknader etter PBL §19. 2003 - 2015

## 2.3 Motsegn frå regionale organ

Alle oppstartvarsle og planforslag blir sendt på høyring til regionale og nasjonale organ, som skal sjå til at deira interesser og forvaltingsansvar blir følgje opp i kommunale planar. Desse etatane kjem med fråsegn til planforslaga og kan fremje motsegn dersom planforslaget strir vesentleg med deira ansvarsområde.

Motsegmentsorgan	Motsegnskompetanse T 2/13 (august 2013)
Andre kommunar	Saker av vesentleg betydning for kommunen
Avinor	Luftfartsanlegg drivne av Avinor
Biskopane/Bispedømma	Kyrkjer og gravplassar
Direktorat for mineralforvalting	Mineralske førekomstar, massetak og bergverk
Direktorat for samfunnsikkerheit og beredskap	Planar knytt til verksemder som handterer farlege stoff, transport av farleg gods, brannsikkerheit, herunder tunnellar og underjordiske anlegg.
Fiskeridirektoratets regionskontor	Fiskeri, tang- og tarehausting

Forsvarsbygg	Forsvarets interesser
<b>Fylkeskommunane</b>	Kulturminne-, kulturmiljø- og landskapsomsyn, friluftsliv, samordna areal- og transportplanlegging, kjøpesenter, regional plan eller planstrategi, barn og unges interesser, universell utforming, fylkesvegar, havbruksinteresser og akvakultur.
<b>Fylkesmennene</b>	Forurensing, herunder støy, lokalluft og klima, vassmiljøkvalitet, naturmangfald, landskap, friluftsliv, strandsone, samordna areal- og transportplanlegging, kjøpesenter, tilstrekkeleg bustadbygging, folkehelse, barn og unges interesser, universell utforming, samfunnssikkerheit, risiko og sårbarheit, jord- skogbruk og kulturlandskap.
<b>Jernbaneverket</b>	Jernbanar, jernbanetransport
<b>Kystverket</b>	Hamne- og farvassforvalting, utnytting av sjøområde, kaianlegg, sjøverts transport.
<b>Luftfartstilsynet</b>	Støyomsyn ved lufthamnsdrift og reglane om luftfartshinder, offentlege lufthamner som ikkje er drivne av Avinor.
<b>Mattilsynet</b>	Fiskehelse og fiskevelferd, drikkevatn
<b>Noregs Vassdrags og Energidirektorat</b>	Energi-, skred-, vassdrags og grunnvasspørsmål
<b>Områdestyra for reindriftssaker</b>	Reindrift
<b>Politidistrikta</b>	Kriminalitetsførebygging
<b>Riksantikvaren</b>	Kulturminne-, kulturmiljø og landskapsinteresser
<b>Sametinget</b>	Samiske kulturminne-, kulturmiljø og landskapsinteresser. Samisk kultur og næringsutøving.
<b>Statens Vegvesens regionskontor</b>	Riksvegar, vegtransport
<b>Statsbyggs regionskontor</b>	Byggje- og eigedomspolitikk og samfunnspolitiske mål i forhold til arkitektur.
<b>Oljedirektoratet</b>	Etablerte og planlagde landsanlegg og rørleidningar for petroleumsverksemd knytt til utvinning av petroleum på norsk kontinentalsokkel.

Tabell 6: Myndigheter med motsegnskompetanse etter nytt rundskriv. Lista er ikkje uttømmande


## Prøveordning frå 2013 vert videreført: Koordinering av motsegner.

Frå september 2013 har motsegner frå statlege etatar blitt koordinert gjennom Fylkesmannen i Hordaland. Dette er ei prøveordning der målet er færre motsegner og meir føreseielege prosessar.

I praksis inneber ordninga at dersom statlege etatar meiner det er grunn for å fremje motsegn, skal Fylkesmannen involverast. Fylkesmannen i Hordaland kan stadfeste trøgen for motsegn, men har også høve til å avvise motsegna. I 2014 kom eit nytt rundskriv som skulle utfylle rundskrivet frå 2013. Rundskrivet frå 2014 låg opp til at koordinering av motsegner gjennom Fylkesmannen skulle videreførast. Det vart også gjeve tydlegare retningslinjer, sjå under.

## Stabile tal for motsegner frå regionale organ

I 2014 kom rundskriv H 2/14 frå Miljødepartementet. Rundskrivet presiserer tidlegare rundskiv frå 2013 og gjev retningslinjer for motsegn etter plan og bygningslova. I rundskrivet legg regjeringa vekt på ein meir effektiv behandling av kommunale planar. Det vart lagt vekt på at det berre kan fremjast motsegn der det er naudsynt for å ivareta nasjonale og viktige regionale interesser, eller andre interesser med stor samfunnsmessig verdi. Den som fremjar motsegna må tydeleg vise kva nasjonal eller regional interesse motsegna er knytt til.



Figur 12. Tal på planar på høyring ( raud) og motsegner frå regionale organ ( gul)

Figur 12 viser talet på motsegner frå regionale organ, parallelt med talet planar på høyring. Figuren gjev eit bilet av forholdet mellom talet på motsegner og planar på høyring. Ein bør merke seg at den same planen kan ha motsegner frå fleire etatar. Tala syner at planer på høyring har gått ned medan talet motsegn har halde seg stabilt

Fram til 2012 var motsegnssstatistikken omrent proporsjonal med talet på planar på høyring – kom det fleire planar på høyring så førte det til fleire motsegner. I 2013 endra det bildet seg; sjølv om det kom fleire planar på høyring blei talet på motsegner nesten halvert. I 2015 har det vore liten oppgang i talet motsegsaker, samstundes som det har vore en stor reduksjon i talet planar på høyring.

Motsegnsinstans	2010	2011	2012	2013	2014***	2015***
<b>Fylkesmannen</b>	50	53	52	23	41	57
<b>Hordaland fylkeskommune</b>	12	24	15	12	8	1
<b>Statens Vegvesen</b>	13*	23*	33	9**		
<b>Jernbaneverket</b>	1	3	5	3		

<b>Fiskeridirektoratet</b>	7	6	1	3	1	
<b>Kystverket</b>	1	0	2	0	4	
<b>Forsvarsbygg</b>	0	2	2	1	5	
<b>NVE</b>	3	12	21	13	9	
<b>Bjørgvin Bispedømme</b>	1	0	0	0	0	
<b>SUM</b>	<b>88</b>	<b>123</b>	<b>131</b>	<b>64</b>	<b>49</b>	<b>58</b>

Tabell 7: Motsegner frå regionale organ 2010 - 2015

\* 2010-2011-tala frå Statens Vegvesen manglar kommunane som ligg under Roglandskontoret

\*\* 2 av motsegnene frå Statens Vegvesen er fremja via Hordaland fylkeskommune.. Dei er derfor talt dobbelt

\*\*\*2014 og 2015: Tala frå Fiskeridirektoratet, Kystverket, Forsvarsbygg, og NVE er rekna under tala frå Fylkesmannen.

Fleire av dei statlege organa fører ikkje eigen statistikk over motsegnssaker etter samordninga av motsegn.

Fylkesmannen har dei høgaste tala for motsegn. I åra frå 2010 til 2012 har Fylkesmannen hatt stabile tal med rundt 50 motsegner i året. Dette endra seg i 2013, då Fylkesmannen hadde 23 registrerte motsegn. Ei mogleg forklaring på nedgangen i 2013 kan vere at planleggjarar og kommunar har tatt retningslinene i bruk og såleis har fått ein auka kvalitet på planane. Dermed kan Fylkesmannen ha færre motsegner knytt til formelle høve. I 2014 var motsegnstala frå Fylkesmannen tilbake til nivået i 2012. Det er grunn til å tru at auka i tala for 2014 og 2015 kan kome av den nye samordninga av motsegn hos Fylkesmannen. Ved at Fylkesmannen samordnar dei statelege motsegnene vil fleire av sakene som tidlegare vart registrert hos dei enkelte statsorgana (Statens vegvesen, Fiskeridirektoratet, Kystverket, Forsvarsbygg, AVINOR, og NVE) bli rekna inn under tala til Fylkesmannen.

## Plansaker til mekling hos Fylkesmannen

Motsegn inneber at kommunen ikkje kan eigengodkjenne planen. I praksis betyr det at planvedtaket blir utsett til ein har funne ei løysing med den motsegninstansen som har fremja motsega. Dersom det ikkje blir semje mellom kommunen og motsegninstansen går saka til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland. Tabell 10 viser kva planar som gjekk til mekling i 2015. I fire saker første meklinga fram til semje. I saka om Mølleneset førde ikkje meklinga fram. Saka er sendt til behandling i departementet.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Kommune(del)plan	3	2	0	3	3	1	1	0
Reguleringsplan	16	9	20	7	1	6	2	5
<b>Meklinger totalt</b>	<b>19</b>	<b>11</b>	<b>20</b>	<b>10</b>	<b>4</b>	<b>7</b>	<b>3</b>	<b>5</b>

Tabell 8: Plansaker til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland 2008-2015

	Sak	Motsegn frå	Motsegnstema	Resultat
Bergen	Dolvikbakken	Fylkesmannen i Hordaland	Vegtrafikkstøy	Mekling første fram
Bergen	Nesvegen/ Knappen	Fylkesmannen i Hordaland	Friareal, strandsone	Mekling første fram
Bergen	Ormhaugen	Fylkesmannen i Hordaland	Friareal, areal for barn og unge	Mekling første fram
Fitjar	Hellandsfjorden	Fylkesmannen i Hordaland	Strandsone	Mekling første fram
Bergen	Mølleneset	Hordaland Fylkeskommune	Forholdet til overordna plan, stedsutvikling	Mekling første ikkje fram, sak er sendt til departementet

Tabell 9: Plansaker til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland i 2015

# 3. By –og tettstadutvikling

## Lokalt og regionalt samarbeid

Å styrke den urbane kvaliteten i sentrum kan gje positive ringverknadar i form av auka næringsutvikling, meir liv i sentrum og auka trivsel for lokalsamfunn og besøkande. Lokalisering av fleire aktivitetar til sentrum og funksjonsmangfald kan gje synergieffektar både på kort og lang sikt.

«Seksessfaktoren» for gode resultat i tettstadsutvikling har vist seg å vere godt organiserte og breie samarbeidsprosessar lokalt og regionalt. Offentleg/privat samarbeid, engasjement og eigarkjensle blant innbyggjarar og nærings-drivande kan vere ein føresetnad for å få gjennomslag for større sentrumsprosjekt som i praksis krev stor innsats over mange år - og pengar - for å bli realisert. Dei fleste kommunane har difor valt å dele sine prosjekt opp i fleire trinn for å lukkast med gjennomføringa.

Fylkeskommunen samarbeidde i 2015 med ei rekke kommunar om by- og tettstadsutvikling, og formidla tilskot m.a. til stadanalyser, utviklingsstudier og til planlegging og realisering av fysiske prosjekt.

## Tilskot til planleggingsprosessar og prosjekt

Utvikling av attraktive senter i Hordaland er eit av innsatsområda i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH). Relevante prosjekt med dette som føremål kan også få støtte fra midlar knytt til HNH. Tabellen syner prosjekt som fekk tilskot fra Handlingsprogram for næringsutvikling i 2015.

Kommune	Prosjekt	Tilsegn, sum
Stord	Stord- Lokomotiv for vekst og utvikling	45 000
Stord	Byen og regionsenteret, Stord, lokomotiv for vekst og utvikling	230 000
	Gode sirklar, Berekraftig region ved målretta kunnskap	200 000
<b>SUM</b>		<b>475 000</b>

Tabell 10: Tilskot til tettstadsutvikling fra Handlingsprogram for næringsutvikling (HNH) i 2015

Det er også gitt fleire tilskot, i alt kr 534.200, fra *Partnarskap for kommune- og tettstadsplanlegging* til utarbeidning av utviklingsstudier, stadanalyser m.m.


Kommune	Prosjekt	Tilsegn, sum
Odda	Samfunnanalyse regionsenteret Odda- omlandet	49.200
Jondal	Skisseprosjekt for landsbytorg og sjøfront i Jondal	125.000
Radøy	Mogelegheitsstudie, Manger sentrum	150.000
Os	Deltaking i EUROPAN 13- Internasjonal arkitektkonkurranse	210.000
<b>SUM</b>		<b>534.200</b>

Tabell 11: Tilskot til planlegging fra partnarskap kommune og tettstadplanlegging i 2015

## Deltaking i EUROPAN 13- internasjonal arkitektkonkurransen

Eit av prosjekta som fekk støtte gjennom partnerskapsmidlane til Hordaland fylkeskommune i 2015 var Os kommune sin deltaking i den internasjonale arkitektkonkurransen EUROPAN.

Målsettinga med EUROPAN er å realisere nyskapande arkitektur og byutvikling ved samarbeid mellom unge arkitektar, innovative kommunar og utbyggjarar. I tillegg til støtte gjennom partnerskapsmidlane, deltok Hordaland fylkeskommune, i samarbeid med kommunane, i prosessen med å finne aktuelle tomtealternativ . Fylkeskommune var også med på utveljing av konkurransetomtene og programskriving. Dei to EUROPAN tomtane som vart valt ut var Grønneviksøren i Bergen kommune og Osøyro i Os kommune.



Bilete 6: Os kommune

# 4. Rettleiing og kompetanseutvikling

Rettleiing og kompetanseutvikling innanfor kommunal planlegging er ei av kjerneoppgåvene til fylkeskommunen. I Hordaland blir det lagt vekt på rettleiing gjennom handsaming av kommunale plansaker, fagsamlingar med erfaringsutveksling, regionalt planforum, konferansar og informasjon via internett. I tillegg jobbar Hordaland fylkeskommune mot universitet og høgskolemiljø for å bidra til forsking og utdanningstilbod innanfor planlegging.

## Plannettverk – fagsamling for planleggjarar

Gjennom planfaglegge nettverk legg Hordaland fylkeskommune opp til å auke plankompetansen i fylket. Dei regionale plannettverka fungerer som ein møteplass for alle som er involvert i kommunal planlegging, reguleringsplanar eller relevant sakshandsaming. Kommunane i Hordaland har mykje til felles, men kan også vere svært ulike. Det er varierte utfordringar i planar og ressursane kan være ulikt fordelt når det gjeld økonomi og plankompetanse. Gjennom plannettverk vert dei som er involvert i kommuneplanlegging invitert til nettverkssamlingar med ulike tema for å auke kunnskapsnivået i kommunane. Planseksjonen er sekretariat for plannettverka og samlingane finn som regel stad i Fylkeshuset.

Nokre gonger vert plannettverk kombinert med andre arrangement. I 2015 var det 4 plannettverksmøte med følgjande tema:

Tid	Tema
Februar	Utbyggingsavtaler
Mai	Samferdsel- veg og arealplan
September	Handelslokalisering og handelsanalysar
November	Kommunal planstrategi: Statistikk , plandata og analyse

Tabell 12. Tema for plannettverk 2015

## Regionalt planforum

Regionalt planforum er eit samarbeidsforum for kommunalt og regionalt nivå, der kommunane har høve til å diskutere planarbeid med regionale myndigheter samla. Det er Hordaland fylkeskommune som leier og koordinerer planforum.



Bilete 7. Regionalt planforum

Tabell 13 syner at det var planar til drøfting i planforum 2014. I 2015 gjekk talet på planer til drøfting i planforum noko ned. Av dei 17 planane som var til drøfting var 5 drøfting av kommuneplanens areal -eller samfunnsdel. 14 av dei 33 dei kommunane i Hordaland var representert i planforum.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Kommune(del)planar	14	9	9	5	16*	12*
Områdereguleringsplanar	4	9	4	2	7	3
Detaljreguleringsplanar	1	0	2	1	1	2
Regionale planar	5	1	1	2	0	0
<b>Totalt</b>	<b>24</b>	<b>19</b>	<b>16</b>	<b>10</b>	<b>23</b>	<b>17</b>

Tabell 13: Saker i planforum 2010 – 2015


\*Ein av planane var statleg plan og ein av planane var interkommunal temaplan

Planar som er tekne opp i planforum er i hovudsak kommune(del)planar, men områdeplanar og større detaljplanar har også blitt lagt fram i planforum.

Dato	Kommune	Planarbeid
27. januar	Voss	Områdereguleringsplan for Bømoen, utkast til plan før høyring
	Os	Kommuneplanens samfunnsdel, utkast til planforslag før høyring
17. februar	Granvin	Kommuneplanens arealdel, etter høyring
	Meland	Planprogram for detaljregulering av Midtmarka, Rotemyra og Håøya-Flatøy, utkast før høyring
24. mars	Stord, Os - Statens vegvesen,	Planprogram E39 Stord- Os, statleg plan
	Austrheim	Kommuneplanens arealdel, utkast før høyring
23. april	Askøy	Kommuneplanens samfunnsdel, under høyring
28. april	Øygarden	Sentrumsplan Rong og Kommunedelplan for Rongøy
	Bergen	Kommuneplanens samfunnsdel, under høyring
26. mai	Voss- Statens vegvesen,	Kommunedelplan for E16 Sleen- Åsbrekke, under høyring av oppstart med planprogram
	Os, Fusa og Samnanger	Interkommunal næringsarealplan for Fusa, Os og Samnanger. Utkast til planforslag før høyring
16. juni	Sund	Kommunedelplan for Skogsskiftet Områdereguleringsplan for Forlandsvåg
25. august	Eidfjord	Kommunedelplan for Sysendalen, utkast
27. oktober	Osterøy	Kommunedelplan for sjø og strandsona
24.november	Voss	Områdereguleringsplan for Bømoen konsekvensutgreiing
	Voss- Statens vegvesen,	E16 Sleen- Tvinde
15. desember	Meland	Områdeplan for Midtmarka-Flatøy

Tabell 14: Saker i planforum i 2015

## Internett



Figur 13. Nye og returnerande besökande på nettsiden.

Trafikk på nettsida «planlegging»	2012	2013	2014	2015
Treff (sidevisinger)	61 794	53 314	52 302	52 850
Unike sidevisinger	43 087	38 418	37 910	38 452
Besøk	20 395	19 102	19 483	20 397
Unike besökande	8 693	7 563	7 790	8 180
% nye besøk	39	35,3	35,8	35
Sider pr. besøk	3	2,8	2,7	2,6

Tabell 15: Trafikk på nettsida "planlegging"

Ein viktig del av rettleiings- og informasjonsarbeidet om fylkeskommunen sin planaktivitet, rådgjeving, dialog og kompetansebygging skjer på nettsida [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) under tenesteområde plan og planarbeid.

Det er redaksjonelt samarbeid om internett både internt på regionalavdelinga og med kommunikasjonsansvarlege i fylkeskommunen.

I 2015 var det ein auke i trafikken på nettsidene til for «planlegging» i forhold til 2014.

I 2015 var det 20 387 besökande på nettsida til «planlegging». 8 180 av desse var unike besökande, dvs. besökande som berre er tald ein gong på nettstaden i løpet av året. Det var 39 452 unike sidevisninger, dette er tal der ein legg saman sidevisningar for same brukar i same økt.

Dei høgaste tala for trafikk på nettsidenene var i 2012. Dette kan ha samanheng med eit opplegg for planoplæring for folkevalde, i tillegg til møteverksemeld og innspel knytt til regional planstrategi.

Dei mest besøkte sidene er mellom anna dei som gjev informasjon om regionalt planforum, vedtekne regionale planar og regionale planar under arbeid. Dette speglar den høge aktiviteten knytt til regionale planprosessar og dialogen med eksterne aktørar i planforum.

Det var flest sidevisninger i oktober. Dette har samanheng med plankonferansen som vart arrangert i denne perioden.

## Forsking og utdanning

Kunnskap om planlegging er grunnlaggende for å fremje ei bærekraftig utvikling i fylket. Det er eit stort behov for kvalifiserte planleggjarar i kommunane, samstundes som det er mangefull utdanning innanfor planfaget. Derfor har Hordaland fylkeskommune i fleire år vore pådrivar for å utvikle fagtilbod innanfor plan, og å støtte relevante forskingsprosjekt.

Etter initiativ frå Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, vart det i 2010 etablert eit nytt utdanningstilbod innan planrett ved Universitetet i Bergen. I 2015 var kurset i planrett godt etablert og gjennomført på sjette året ved Juridisk institutt.

I 2015 kom det eit nytt tilskot til utdanningsmiljøet i arealplanlegging. Ved Høgskulen i Bergen vart det hausten 2015 starta eit nytt mastertilbod i areal og eigendom. Studiet er det einaste av sitt slag på Vestlandet og er eit viktig tilskot for ny kompetanse innanfor planfaget.

Hordaland fylkeskommune er partnar i forskingsprosjektet KLIMATT der TØI samlar, utviklar og formidlar kunnskap om samordna areal- og transportplanlegging. Prosjektet skal ende opp med ein rettleiar som eit verktøy for alle som lagar og vedtek planar innanfor temaet. Målsettinga er å auke kompetansen i planleggingsmiljøa og leggje grunnlag for ein kunnskapsbasert planlegging. Prosjektet vert gjennomført i perioden 2014-2017.

## Konferansar

### Den attraktive staden- Tettstadskonferanse 2015



Bilete 8: Synfaring i Norheimsund under tettstadskonferansen 2015

Korleis planleggje den attraktive staden? Dette var tema under tettstadskonferansen 2015 14.og 15. April på Hotel Sandven i Nordheimsund. Konferansen vart arrangert i samarbeid med fylkeskommunen, Kvam herad, Kommunal og moderinseringsdepartementet, Klima og miljødepartementet, Riksantikvaren, Statens vegvesen, Distriktscenteret, Helsedirektoratet og Husbanken.

Konferansen vart innleia med presentasjon frå Kvam herad som fortalte om deira erfaringar for å lukkast i tettstadsutviklinga som førde fram til at Norheimsund fekk statens pris for attraktiv stad i 2013.

Programmet var fylt med innlegg som mellom anna gav innblikk i korleis ein kan skape gode byrom og gaterom i små byar og tettstader, og kva slags prosessar som kan føre til at ein skal lukkast lokalt.



Bilete 9 og 10:

T.v: Arkitekt og byplanrådgjevar Peter Buternschen med presentasjonen «Småbyens liv og vitalitet- byrom og det offentlige rommet»  
T.h: Partner, direktør og arkitekt ved Gehl Architects, København med presentasjonen «Byrom for mekkeskerer, mer liv i sentrum»

## Plankonferansen 2015



Bilete 11: Plankonferansen 2015

Plankonferansen er ein årleg møteplass for dei som arbeider med planlegging i Hordaland. Målgruppa er kommunane og fylkeskommunen, statlege sektororgan, forsking- og utdanningsinstitusjonar, konsulentar innan plan og relevante frivillige organisasjonar. Plankonferansen 2015 fann stad på hotell Grand Terminus 20.-21. oktober og hadde tittelen «Framtidsretta planlegging- bygd på 50 års erfaring med planlova»

Plankonferansen hadde eit program som handla om planlegginga si fortid, notid og framtid . Gjennom dei to dagane fekk deltagarane innsikt i planleggingshistoria og korleis ein kan nytte nye verktøy og planmetodar i framtida. Gjennom desse to dagane fekk dei rundt 280 deltagarar ny kunnskap innan dette feltet.



Bilete 12 og 13:

T.v: Hege Hofstad, forskar ved Norsk institutt for by –og regionforskning med presentasjonen «EVAPLAN 2008- fungerer plandelen av lova etter intensionane»

T.h: Hilde Johansen Bakken, seniorrådgjevar ved Kommunal –og moderinseringsdepartementet med presentasjonen «IKT-satsing på meir effektive planprosessar»

## Figurliste

Figur 1: Høyring av planprogram og planforslag til kommune(del)planar i 2008-2015.....	12
Figur 2: Tema i fråsegner frå fylkeskommunen til kommune(del)planar i 2015.....	13
Figur 3: Kommune(del)planar med og utan motsegn frå Hordaland fylkeskommune 2010-2014.....	14
Figur 4: Reguleringsplaner på høyring i Hordaland 2008-2015.....	15
Figur 5: Fordelinga av detaljplanar og områdeplanar under oppstart og høyring.....	15
Figur 6: Arealplanar på høyring i 2015, kommunevis.....	16
Figur 7: Konklusjonar i fråsegna frå Hordaland fylkeskommune, reguleringsplanar.....	17
Figur 8: Tema i fråsegna til reguleringsplaner frå Hordaland fylkeskommune.....	18
Figur 9: Tal på arkeologiske registreringar etter kulturminnelova §9 til regulerings -og kommune(del)planar....	19
Figur 10: Forholdet mellom reguleringsplanar med/utan motsegn frå Hordaland fylkeskommune.....	20
Figur 11: Tal på dispensasjonssøknader etter PBL.....	21
Figur 12: Planar på høyring og motsegn i Hordaland.....	23
Figur 13: Nye besökande og returnerande besökande på nettsidene.....	29

## Tabelliste

Tabell 1: Gjeldande regionale planar i Hordaland fylkeskommune.....	8
Tabell 2: Regionale planar under arbeid i 2014.....	9
Tabell 3: Kommuneplanar i Hordaland, areal- og samfunnssdel.....	11
Tabell 4: Oversikt over tal på arealplanar på høyring frå kvar kommune frå 2008 til 2014.....	16
Tabell 5: Resultat av motsegner frå Hordaland fylkeskommune i 2014.....	20
Tabell 6: Myndigheter med motsegnskompetanse etter nytt rundskriv.....	21
Tabell 7: Motsegner frå regionale organ 2010 – 2014.....	23
Tabell 8: Talet plansaker til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland 2008-2014.....	24
Tabell 9: Plansaker til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland 2008-2014.....	24
Tabell 10: Tilskot til tettstadsutvikling frå handslingsprogram for Næringsutvikling (NHH).....	25
Tabell 11: Tilskot til planlegging frå partnarskap kommune og tettstadplanlegging i 2014.....	25
Tabell 12: Tema i planenettverk.....	27
Tabell 13: Saker i planforum 2014.....	28
Tabell 14: Saker i planforum 2014.....	28
Tabell 15: Trafikk på nettsida "planlegging".....	29

## Bilete

Bilete 1. Framside regional planstrategi.....	6
Bilete 2. Framsidebilete, Folkehelseoversikt i Hordaland 2015.....	6
Bilete 3. Framsidebilete, regionalplan for vassregion Hordaland .....	7
Bilete 4. Temakart, regional plan for areal og transport i bergensområdet.....	9
Bilete 5. Strandsona i Hordaland.....	10
Bilete 6. Os sentrum.....	26
Bilete 7. Regionalt planforum.....	27
Bilete 8. Bilete frå konferanse Norheimsund, synfaring.....	31
Bilete 9. Bilete frå konferanse Norheimsund, foredragshaldar.....	31
Bilete 10. Bilete frå konferanse Norheimsund, foredragshaldar.....	31
Bilete 11. Plankonferansen 2015.....	32
Bilete 12. Plankonferansen 2015, foredragshaldar.....	32
Bilete 13. Plankonferansen 2015, foredragshaldar.....	32

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle Hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)